



INDERØY KOMMUNE

KOMMUNDELPLAN I SJØ FOR INDERØY KOMMUNE 2002 – 2011



© Fjellanger Widerøe AS

1 INNHALDSLISTE

2. RESSURSGRUNNLAGET I KOMMUNEN	3
2.1. Fiskeressursen	3
2.2. Biologiske ressurser	3
2.3 Viltressursen.....	3
3. MÅLSETTING MED PLANEN.....	4
4. PLANPROSESS.....	4
5. TEMA SOM BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET.	5
5.1 Biologisk mangfold.	5
5.2 Friluftsliv:.....	5
5.3 Oppdrett /skjelanlegg	5
6. DAGENS BRUK AV SJØOMRÅDA.	5
6.1 Gjeldande kommunedelplaner og reguleringsplaner.....	5
6.2 Friluftsliv.....	6
6.3. Næringsfiske.....	6
6.4 Ferdselsvegar.....	6
6.5 Reiseliv.....	7
6.6. Utslepp til sjø.	7
7. FRAMTIDIG BRUK AV SJØOMRÅDA.	7
7.1 Områder for natur, friluftsliv, fiske , ferdsel og akvakultur NFFFA PBL. §20-4 nr. 5 ..	7
7.2 Områder for natur, ferdsel, fiske, og friluftsliv. NFFF PBL § 20-4 nr. 5	7
7.3 Bandlagte områder i påvente av sjøfuglplanen. §20-4 nr. 4.....	8
7.4 Områder for ferdsel i sjø. PBL §20-4, nr 5	8
7.5 Naturområder i sjø (Biologisk mangfold): § 20-4 nr. 5.....	8
8. RETNINGSLINJER.....	9
9 SAKSBEHANDLINGSREGLAR.	9
10. KONSEKVEN SAR AV KOMMUNEDELPLANEN ETTER §20-6.	10

2. RESSURSGRUNNLAGET I KOMMUNEN

Arealet i Inderøy er på totalt 279 km². Landarealet er ca. 146 km² og sjøarealet er ca. 133 km². (ca. 48 %).

Sjøarealet i Inderøy er 3-delt. Børgin mot aust med lite utskifting og berre innsegling under Straumbrua. Børgin har ein del grunne områder og gjennomsnitt på djupna er ca. 20-25m. På sørsida av Inderøy er Trondheimsfjorden med gode straumtilhøve. Her endra djupna seg frå nokre grunne områder til heller djupe område ytst ved kommunegrensa og i Skarnsundet. Største sjøarealet i kommunen er Beitstadfjorden mot vest og nord. Djupna i fjorden varierer med grunnare områder langs strandsona og ned til om lag 150 m midt i fjorden. Fjorden kan tidvis frysa til om vinteren.

Inderøy har mange idylliske vikar og holmar som er svært attraktive fritidsområde.

2.1. Fiskeressursen

Når det gjeld gyteområde, er det rekna for gode gyteområder for torsk og sild langs Inderøy i Beitstadfjorden og generelt gyteområde for marine fiskar langs stranda Straumen – Røra.

Etter opplysninger frå Inderøy Fiskarlag, er det viktige gyteområde for torsk, sild, sei og hyse kring Hoøya og langs Inderøy i Beitstadfjorden.

I tidlegare tider var fiske etter flyndra av stor verdi. Det er framleis ein del fritidsfiske og det er lokale interesser for å byggja opp dette fiske på nytt.

Børgin er rekna for viktig oppvekstområde for raudspette og torskefisk.

2.2. Biologiske ressurser

Marint internasjonalt kjent område er Skarnsundet med kaldvasskoraller. Det er registrert 4 lokalitetar av ein viss storleik med denne type koraller i Trondheimsfjorden. Lokalitetane ligg innafor kommunegrensa til Mosvik kommune. Kaldvasskorallane har marint verneverdi og det har vore utført ein del forskning på arten. Trusselen mot korallane kan vera forureining og fiske.

2.3 Viltressursen

Strandlina og fjæreområde i kommunen er gode og næringsrike areal for fuglar. Bestand av sjøfugl er bra registrert og gjort synleg gjennom kartet for biologisk mangfald i kommunen. Kartet syner viktige område både av nasjonal, regional og lokal verdi.

Disse områda er arbeidd inn og blir brukt som grunnlag for kartdelen i kommunedelplanen. Områda gjeld både for ærfugl, vaderer og sjøfugl generelt. Inderøy har ein verdifull ærfuglbestand. Det har vore tilløp til konflikter mellom garnfiske og ærfugl. Erfaringar frå andre kommunar viser at det kan bli ein reell konflikt mellom ærfugl og skjelanlegg.

I planen er viktige område for sjøfugl lagt inn som naturområder i sjø. Dette er område med nasjonal og regional verdi i planen for biologisk mangfald.

I tillegg er fire områda bandlagt i påvente av at sjøfuglplanen for Nord- Trøndelag blir ferdig. Disse områda er eit minder område som ligg i eller inntil naturområda.

3. MÅLSETTING MED PLANEN.

I Plan og bygningslova §17 er strandsona med 100m belte omtalt. Miljøverndepartementet har i brev den 11.11.99 gjeve kommunane pålegg om å heva forbod mot inngrep i 100 meters belte strengt.

Etter § 19 i PBL: Utarbeiding av fylkesplanen. I arealdelen for fylkesplanen 2000-2003, er det signalisert at kystzoneplanlegging skal vera eit hovudtema. Som retningsline er det foreslått at kommunar med oppdaterte arealplanar vil bli prioriterte ved nye konsesjonsrundar for oppdrett av matfisk. Skjeloppdrett og marin fiskeoppdrett bør kanaliseras til Trondheimsfjorden og Namsenfjorden. Kommunale planar skal ivareta tradisjonelle interesseområder som gyte/fiskeplassar, natur og rekreasjonsområder.

Kommunale målsetting:

Planen tar utgangspunkt i overordna målsetting i kommuneplanen.

Ressurser : Rike natur og arealressurser skal forvaltes og videreutvikles til bruk for kommunens og regionens innbyggere.

Miljø og kultur: Miljø – og kulturverdier skal legges til grunn for all aktivitet.

Næringsliv : Eksisterende næringsliv og nyetablering gis utviklingsmuligheter.

Under arbeidsplassar og næringsliv er det sett som delmål og tiltak.

Utvikle sjøbasert næringsvirksomhet , innen fiske, skjelloppdrett og –sanking og andre muligheter.

Støtte opp om nye lokale næringstiltak.

4. PLANPROSESS

Inderøy kommune fekk godkjent arealplan desember år. 2000. I denne prosessen vart sjøsida lite diskutert og formålet er sett til NFFF (natur, ferdsel, fiske og friluftsliv.) Det vil sei at alle søknader om konsesjon på akvakultur må vera dispensasjonssøknader frå arealplanen. Kommunen ynskjer ein eigen kommunedelplan for sjø og starta opp med vedtak i planutvalet i sak 0005/01 den 27.03.01.

Planutvalet er styringsgruppe og i tillegg er det oppnemnt ei arbeidsgruppe som består av:

Regional fiskerirettleiar, Flatanger

Representant frå Miljøvernavdelinga, Fylkesmannen i Nord-Trøndelag.

Miljøvernkonsulenten, Inderøy kommune

Byggesaksbehandlar, Inderøy kommune

Arealplanlegger, Inderøy kommune (sekretær)

Planprosessen går fram av vedlagt sakspapir over vedtak i Inderøy kommune. (Vedlegg til planen)

5. TEMA SOM BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET.

5.1 Biologisk mangfald.

Kommunen har utarbeidd kart over kjente registreringar på biologisk mangfald i kommunen. Kartet inneheld dei viktigaste registreringane på sjøfugl og plantelivet på strandberg/strandeng.

Det er viktige hekke- og leveområder for sjøfugl på Inderøy. Dette gjeld særleg bestand av ærfugl, fiske- og hettemåker, men og for ender, svaner og havørn.

I sjøfuglplanen for Nord-Trøndelag er følgjande område foreslått verna; Vikaleiret, Hoøya, Roelsøya og Kvamsholmane.

5.2 Friluftsliv:

Kommunen har ført ei restriktiv linje på hytte/fritidsbustader over fleire år. I nyleg vedtatt arealplan for kommunen er det lov å byggja 37 hytter i byggeområder. Det er ikkje lov med spreidd hyttebygging.

Strandlinja er mykje brukt av lokalbefolkninga sjølv om det ikkje er tilrettelagt for parkering og utsetjing av småbåtar. Det er eit aktivt båt og fritidsfiske i kommunen, særleg knytt til Skarnsundet og Kjerkesvågen.

Kommunen har fem offentlege friområde ned til sjøen. Dette er Sundsand, Stornesøra, Haugen, Undersåker og Koa. Det er noko ulik stell og bruk av områda, men Sundsand og Stornesøra er dei mest brukte områda.

5.3 Oppdrett /skjelanlegg

Det er vist ein viss interesse for anlegg av skjel i kommunen. Inderøy kommune ser at trykket på Trondheimsfjorden vil auka den dagen kystkommunane sine område er brukt opp eller blir prioritert for lakseoppdrett.

Kommunen har ingen fagleg vurdering i dag over kva sjøområder i kommunen som er mest eigna for oppdrett men ynskjer å leggja til rette for næring på delar av sjøarealet.

På Kjerkesvågen har det vore fiskemottak i ein del år. Dette er for tida utan aktivitet, men det er ynskjeleg at næringslivet kan nytta anlegget i framtida.

6. DAGENS BRUK AV SJØOMRÅDA.

6.1 Gjeldande kommunedelplaner og reguleringsplaner.

Kommunedelplaner

I **Straumen** er sjøområdet Sundnes- Straumen- Roelsøya- til Bosneslandet diffinert med formålet FFF (fiske, ferdsel, friluftsliv).

I **Røra** er sjøområdet frå Hylla til Koa/ Verdalsgrensa diffinert med formålet NFFFA (natur, fiske, ferdsel og akvakultur)

Reguleringsplaner.

Letneslandet er sjøarealet mellom halvøyane kalla Vikavågen, Midivågen og Sandvågen friluftsområde i sjø.

Bosnes er sjøen regulert til småbåtanlegg og trafikkområde.

Kjerknesvågen kai er sjøen regulert til småbåtanlegg og trafikkareal i sjø.

Skjelvågen er sjøen regulert til trafikkområde.

Vangshylla er sjøen regulert til friluftsområde i sjø, småbåtanlegg og trafikkområde i sjø.

6.2 Friluftsliv

På Inderøy er friluftsliv svært knytt til sjøområda og strandlina. Forutan dei offentlege friområda, er det mange lokale friluftsområde og plassar som har tradisjonelt vore samlingsstader for lokalbefolkninga. Mange av plassane har gamle private naust og båtrettar. Båtlivet har siste åra vore lokalisert til småbåthamner i grendene.

Straumen har Næssberga, Sundneshamna og Bosnes.

Utøy har Vangshylla.

Kjerknesvågen har kaiområdet på Kjerknesvågen.

Sandvollan har Skjelvågen.

Røra har småbåthamn ved Hylla

Kommunen har ca. 350 hytter og dei fleste ligg ned mot sjøen. Med hytter og lokalbefolkninga sitt bruk av strandlina, er det få områder som ikkje er tilgjengeleg /urørt av folk.

Badelivet er kort og hektisk med Sundssand og Stornesøra som dei store områda.

Innbyggjarane i kommunane har gjerne båt og nyttar seg av eit aktivt fritidsfiske. Mest nytta områda er Skarnsundet og Beistadfjorden.

6.3. Næringsfiske

Yrkesfiske er i tilbakegang i fjorden, men det er enno nokre yrkesfiskarar att.

Inderøy Fiskarlag opplyser om viktig vårfiske i Beistadfjorden frå Hustadøya og sør til Letnesvågen og særleg kring Hoøya. I tillegg er det vårfiske etter torsk og hyse i Trondheimsfjorden kring Kvamsholmane. I fjorden utanfor Hylla er det vår og haustfiske etter torsk.

I 2002 har regjeringa lagt fram forslag om å oppretta Trondheimsfjorden som nasjonal laksefjord. Dette skal sikra villaksen i fjorden og hindra nye etableringar av oppdrettslaks. Heile Trondheimsfjorden er i dag sikringssone for laksefisk, slik at det er berre høve for oppdrett for marine fiskeslag og skjelanlegg i Trondheimsfjorden/ Beistadfjorden. Det har vore prosjekt på kveiteoppdrett i Letnesvågen. I dag har vi ingen slike anlegg i kommunen. I tillegg er det ein del grunneigarar som har gamle rettar for bruk av kilenot. Dette er rettar som er nedfelt og regulert i Lakse og innlandslova og blir delvis brukt i dag.

6.4 Ferdelsvegar

I indre del av Trondheimsfjorden er det ein del godstransport innover til Steinkjer og Follafoss. I vår kommune går det meste av større båtar til Hylla, men det er og eit større kaianlegg på Sundneshamna. Disse er markerte på arealplankartet. Det same er trafikkleier ut frå småbåthamnene på Vangshylla, Kjerknesvågen og Skjelvågen og gjennom Straumbrua frå Næssberga og Bosnes.

Den aukande småbåttrafikken i Straumenområdet har medført redusert fart gjennom sundet og ærfuglområdet.

6.5 Reiseliv.

Inderøy har 3 reiselivsbedrifter ned mot sjøen, Jegtvolden Fjordhotell, Skarnsundet Fjordsenter og Koa camping. Bedriftene har ein del aktivitet knytta til sjø. Særleg Fjordsenteret på Vangshylla er retta mot turistar med interesse for fjordfiske.

6.6. Utslepp til sjø.

På 1980-talet byrja kommunen å reinska kloakkutslepp til vassdrag og sjøområda. Kommunale biologiske reinseanlegg er bygd i Skjelvågen og på Røra. I tillegg er det bygd ein del private biologiske anlegg både felles og enkelt anlegg. I dag blir det stilt krav om biologisk reinsking til Børgin. I området elles er det krav om 3-kamra slamavskiller og utsleppsledning under vassflata.

Landbruket har i dei ti siste åra sett store midlar i tiltak mot punktutslepp. Alle tiltaka har medført mindre forureina vassdrag og sjøområde. Særleg i Børgin med lite utskifting har innsatsen hatt verknad.

7. FRAMTIDIG BRUK AV SJØOMRÅDA.

Det er brukt nummer på kvart område som er i samsvar med tala på kartet.

Ved utarbeiding av ny kommunedelplan for sjø, vil sjødelen i kommunedelplan i Straumen, Røra, samt arealplanen blir innarbeidd i den nye planen. Den nye kommunedelplanen blir gjeldande for heile sjøarealet i Inderøy kommune.

Følgjande reguleringsplaner med sjøareal skal framleis gjelda: Letneslandet, Kjerkesvågen, Skjelvågen og Vanghylla. Reguleringsplanen for Bosnes gjeld, men ligg i uplanlagt område.

I arbeidet med kartdelen er som nemnt opplysningane for biologisk mangfald nytta. Mykje av sjøarealet nær stranda er avsett til NFFF-formål. Dette er ut frå å ta vare på området for fritidsaktivitet og ferdsel samt viktige fiskeplassar. Det er lagt til rette for akvakultur i Trondheimsfjorden og Beistadfjorden.

7.1 Områder for natur, friluftsliv, fiske, ferdsel og akvakultur NFFFA PBL. §20-4 nr. 5

Område nr.	Namn på området
1.	Beistadfjorden frå Hoøya til kommunegrensa mot Steinkjer.
2.	Trondheimsfjorden frå landgrense/formålsgrænse til kommunegrens Verdal, Levanger og Mosvik

7.2 Områder for natur, ferdsel, fiske, og friluftsliv. NFFF PBL § 20-4 nr. 5

Område nr.	Namn på området
4.	Hustadøya-Stornes, Beistadfjorden
5.	Galgøya, Beistadfjorden
6.	Letneslandet, Beistadfjorden
7.	Hoøya, Beistadfjorden
9.	Sundnes- Straumen- Børgin

11.	Hyllaområdet, Trondheimsfjorden
-----	---------------------------------

7.3 Bandlagte områder i påvente av sjøfuglplanen. §20-4 nr. 4

Område nr.	Namn på området	Areal	Vernestatus
12.	Hoøya	159 da	Naturreservat
13.	Roelsøya	84 da	Naturreservat
14.	Vikaleiret	410 da	Fuglefredningsområde
15.	Kvamsholman	65 dekar	Biotopvernområde

7.4 Områder for ferdsel i sjø. PBL §20-4, nr 5

Område nr.	Område:	Formål i planen:
16.	Kjerknesvågen	Småbåttrafikk
17.	Vangshylla	Småbåt/ skipsled
18.	Sundneshamna	Småbåt/skipsled
19.	Hylla	Skipsled
20.	Skjelvågen	Småbåt
31.	Straumsundet	Småbåt
36.	Hovudlei Skarnsundet -Beitstadfjorden	Skipslei

7.5 Naturområder i sjø (Biologisk mangfold): § 20-4 nr. 5

Område nr.	Område	Merknad.
21.	Gjørvsjøen , Børgin	Viktig sjøfuglområde
22.	Høholmane , Trondheimsfjorden	Viktig sjøfuglområde
23.	Lorvikleiret, Børgin	Viktig sjøfuglområde
24.	Letneslandet, Beistadfjorden	Viktig sjøfuglområde
25.	Galgøya, Beistadfjorden	Viktig sjøfuglområde
26.	Aalberg, Beistadfjorden	Viktig sjøfuglområde
28.	Hustadøya, Beistadfjorden	Viktig sjøfuglområde
29.	Kroksvika, Beistadfjorden	Viktig sjøfuglområde
30.	Sundnes, Trondheimsfjorden	Viktig sjøfuglområde
32.	Roelsøya, Børgin	Viktig sjøfuglområde
33.	Koa, Trondheimsfjorden	Viktig sjøfuglområde
34.	Hoøya, Beistadfjorden	Viktig sjøfuglområde.
35.	Kvamsholmane, Trondheimsfjorden	Viktig sjøfuglområde

8. RETNINGSLINJER

Bandlagt områder (Pbl. §20-4, 1.ledd punkt nr. 4)

For bandlagt områder er det vernebestemmelser i særlov som gjeld. Søknad i strid med verneformålet skal sendast til høyring til statleg/fylkeskommunal sektoretater.

Områder for særskild bruk eller vern av sjø og vassdrag PBL, § 20-4, nr 5.

Ved tekniske inngrep i sjøbotn/fjæresone må tiltak avklarast i samsvar med kulturminnelova.

NFFFA-områder: (natur, fritid, fiske, ferdsel, akvakultur)

Områder opnar for fleirbruk utan prioritering.

Området opnar for framtidig akvakulturanlegg. Det er eit krav om at lokalitet/konsesjonsøknad blir behandla etter lov av 14.juni 1985 om oppdrett av fisk og skalldyr m.m.(Oppdrettslova), Hamne og farvasslova av 8. juni 1984 samt Plan og Bygningslova.

Krav til framtidig anlegg: Anlegget må liggja minst 100 m frå strandsona, ha eit system og farge som ikkje skjemma landskapet.

NFFF-områder:(natur, fritid, fiske, ferdsel)

Tiltak og inngrep må ikkje koma i konflikt med formålet.

Søknad om etablering av akvakultur krev dispensasjon etter PBL §7.

N-områder:(natur)

Tiltak og inngrep må ikkje vera i konflikt med formålet.

Ferdselområder:

Det skal ikkje etablerast anlegg/installasjonar som kan vera til hinder eller fare for ferdsel til og frå hamner.

Kystverket skal ha rett til uttale i alle tiltak i sjø.

9 SAKSBEHANDLINGSREGLAR.

1. Planar tilknytta sjøarealet i kommunen skal sendast på høyring til kulturminne og hamneetaten. Utkast skal sendast fylkeskommunen og Institutt for arkologi og kulturhistorie ved Vitenskapsmuseet, NTNU samt Kystverket.

10. KONSEKVENSAER AV KOMMUNEDELPLANEN ETTER §20-6.

1. Kommunedelplanen med kartdelen skal gjelda frå den dato kommunestyret har godkjent planen.
2. Planutvalet i kommunen kan gje dispensasjon frå kommunedelplanen når særskilde grunnar talar for dette og sektoretatane samtykkjer i dispensasjonen.
3. På vedteken bandlagt areal etter særlov §20-4, 1. ledd nr. 4 er verknaden av arealdelen avgrensa til 4 år frå vedtak. Departementet kan gje ytterleg 2 år etter søknad.
4. Sjødelen i gjeldande kommunedelplan for Røra og Straumen samt vedteken arealplan vil inngå i den nye kommunedelplanen for sjøområda i Inderøy